

derns konversion till Church of England ger sonen tillträde till högre studier i Oxford. Vid lärosätet studerar Desaguliers för naturfilosofen John Keill och influeras av Newtons nya vetenskapliga rön. Efter doktorsexamen i civilrätt anställs Desaguliers som demonstrator, vad vi i Sverige skulle kalla laborator, vid Royal Society. Det är under denna period som han uppfinnar och utvecklar sina planetarier, börjar författa skrifter i naturfilosofi och utbildar sig till präst. Här kan Carpentier visa hur Desaguliers prästerliga och naturvetenskapliga karriärer grundläggs och går hand i hand. Experimenten förevisas för högt betalade aristokrater som associerar Desaguliers till sina hushåll som familjeprest, samtidigt som de understöder honom som vetenskapsman.

Under tiden vid Royal Society och inom de aristokratiska kretsarna kommer Desaguliers i kontakt med en ny rörelse som förenar hans intressen för teologi och naturfilosofi – frimureriet. Som tidigare visats av Ric Berman i *The Grand Architects: Political Change and the Scientific Enlightenment 1714–1740* (2010) hade Desaguliers ett avgörande inflytande på den ideologiska utvecklingen inom det förmoderna frimureriet, i övergången från skrå till societet. Detta främst genom den alltjämt gällande *Constitutions of the Free-Masons* från 1723. Pastor James Andersson står som huvudförfattare till den första, pseudohistoriska delen, medan den i verket anonyme Desaguliers formulerade den andra, ideologiska delen om frimurarnas relation till stat och kyrka, Gud och religion. Carpentier har i detta kapitel följt Desaguliers engagemang genom att följa honom i logeprotokoll. Hon visar hur han reser runt till loger i England och Skottland, att han talar för frimureriets nya inriktning och framför egna dikter. Min tidigare kritik av Marsha Keith Schuchards tes i *Emanuel Swedenborg, Secret Agent on Earth and in Heaven* (2012), att Swedenborg skulle ha träffat Desaguliers och avhandlat frågor om frimureri och underrättelseverksamhet, befasts i Carpentiers framställning som vare sig belägger eller omnämner någon sådan förbindelse.

Sin försörjning erhåller Desaguliers från mecenater men även som översättare från franska och latin, främst inom filosofi och naturvetenskap. Därigenom blir han en aktiv spridare av Newtons naturfilosofi. Han författar en lärobok i experimentell filosofi och studerar mekanik och människokroppen. Samtidigt fortsätter han med egna vetenskapliga experiment och satsar, som Carpentier visar, på projekt med kommersiell potential. Desaguliers ägnade sig främst åt vetenskap och frimureri, men vid sidan författade han även poesi och dramatik. Poesin visar sig gestalta den newtonska vetenskapssynen och deism enligt tidens strömning. Utmärkande är dramatiken, särskilt barnpjäsen *Sophonisba; or Hannibal's Overthrow* från 1731, och i första framförandet involverar han sina egna barn.

Att det dröjt så länge innan en biografi har författats om Desaguliers antyder projektets svårighetsgrad. Audrey Carpentier redogör med önskvärd tydlighet hur nya databaser över press och andra källor gjort det möjligt att sammanställa materialet, utöver traditionell arkivforskning. Tyngdpunkten ligger med rätta på Desaguliers biografi och naturvetenskapliga gärning. Samtidigt belyser Carpentier de nätverk som gjorde forskningen möjlig, närhet till kyrka och aristokrati, till Royal Society och frimureri. Och det är i dessa gränsland, liksom Desaguliers litterära verksamhet, som Carpentiers studie förtjänstfullt öppnar upp för vidare forskning.

Marcus Willén

Knut Dørum & Hilde Sandvik (red.), *Opptøyer i Norge 1750–1850* (Oslo: Scandinavian Academic Press, 2012). 462 s.

Denne antologien er eit resultat av prosjektet *Demokratisk teori og politisk praksis. Forutsetninger for folkestyre 1750–1850* ved Universitetet i Oslo.

I tilknytning til dette prosjektet har det blitt skrivne ei rekkje masteroppgåver, som danner eit utgangspunkt for denne antologien. Dette er eit poeng som det er verdt å trekkje fram. Det illustrerer nemleg godt kva for eit høgt fagleg nivå som masteroppgåver – iallfall i historie – ligg på i Norge i dag. I tillegg til artiklar som baserer seg på masteroppgåver frå historiemiljøet ved Universitetet i Oslo frå dei seinare åra inneheld boka bidrag frå historikarar frå Universitetet i Bergen, Universitetet i Agder, Universitetet i Stavanger, og Riksarkivet i Oslo.

Boka er delt i tre bolkar. Den første bolken "Skatteopptøyer og bondebevegelser 1765–1818" består av fire artiklar som kvar tek for seg eitt opprør. I den første artikkelen tek Thomas Slettebø for seg den såkalla strilekrigen i Bergen i april 1765, eit av dei meir kjende skatteopprøra i norsk historie. Etter at ein ekstraskatt hadde blitt innført nokre år tidlegare og framleis vart kravd inn, mobiliserte bøndene i området rundt Bergen og møtte opp i byen for å protestere mot skattekrava. Så mange som rundt 2 000 folk var samla, og konflikten eskalerte fort. Både stiftamtman og fut vart fysisk angripne av folkemengda, som truga til seg dei skattepengane som dei tidlegare hadde betalt inn.

Slettebø gir ei grundig skildring av kva som skjedde denne dagen, fortalt både frå dei lokale myndighetene si side og frå dei aksjonerande bøndene, noko som gir lesaren ei god skildring av korleis dei ulike partane teikna svært ulike bilete av konflikten. Slettebø er likevel mest interessert i å undersøke korleis myndighetene handterte konflikten og dermed seie noko om maktrelasjonane under det dansk-norske eineveldet, og hovudkjelda er den rapporten som undersøkingskommisjonen som vart etablert kort tid etter strilekrigen utarbeida seg. Særleg viser kommisjonsmedlem Christian Magnus de Falsen sine brev til den mektige embetsmannen Otto Thott styresmaktene sitt syn på korleis dette skulle handterast. Hovudmålet for myn-

digheitene var å gjenopprette den rådande orden som allmugen hadde brote.

Ingrid Fiskaa tar i sin artikkel for seg Lofthusreisinga i 1786–1787, som forfattaren sjølv skriv: den mest omfattande allmugemobiliseringa under det dansk-norske eineveldet. Fokuset er på interaksjonen mellom allmugen og styresmaktene i den konfliktsituasjonen som utvikla seg på Sørlandet dei månadane det gjekk før styresmaktene klarte å få kontroll over situasjonen. I spissen for bondereisinga, som er omgrepet Fiskaa nyttar, står Kristian Lofthus, som i 1786 samla støtte frå allmugen rundt om i distriktet og reiste fleire gongar til København med klager på lokale embetsmenn og kjøpmenn. Etter kvart vart det open konflikt mellom støttespelarane til Lofthus og styresmaktene, særleg etter at Lofthus vart arrestert, då opp mot 900 bønder gjekk til aksjon og bøndene sjølv arresterte futen. Kravet var å få utveksla Lofthus mot deira fange.

Fiskaa framhevar at framgangsmåten i liten grad var prega av vald, i staden for la dei seg på ei forhandlingsline. Likevel viser "arrestasjonen" av ein kongeleg embetsmann ein vilje til å gå ut av rolla som "lydige undersåttar" og at dei utfordra styresettet (s. 116). Det finst fleire tilfelle av kraftige reaksjonar på arrestasjonar av leiarar for allmugereisingar i denne perioden, som Fiskaa ikkje går nærare inn på. Mellom anna i Sogn i 1713, på Kongsberg i 1730, i Molde i 1764, og som Nils Olav Østrem viser i sin artikkel på Karmøy i 1802. Fiskaa får godt fram kor organiserte bøndene var i etterkant av arrestasjonen, og kor målbevisst dei jobba. Likevel lukkast dei ikkje. Fiskaa brukar stor plass på det lange etterspelet. Fleire kommisjonar vart etablert, og styresmaktene imøtekom faktisk bøndene på fleire punkt. Mellom anna vart lokale embetsmenn fjerna frå stillingane sine, kornmonopolet oppheva, som Fiskaa rett nok meiner også var i kjøpmennene si interesse, eit nytt sportelreglement kom på plass, med meir formalisert avlønning av embetsmenn, og ein ny plan for trelasthan-

delen vart vedtatt. Lofthus vart dømt til festningsarbeid i jern på Akershus på livstid.

Den neste artikkelen tek for seg ei hending som ikkje er like kjend som dei to føregåande, men desto like interessant. Nils Olav Østrem undersøker eit omfattande skatteopprør på Karmøy på Sørvestlandet i 1801. Eit par år tidlegare hadde det blussa opp motstand mot ein ekstraskatt i samband med bygging av ein postveg i regionen. I spissen stod Knut Syre, som saman med ein delegasjon reiste til København for å klage til kongen, på same måte som Kristian Lofthus og tallause andre nordmenn under eineveldet. Konflikten blussa opp då bøndene skulle betale uteståande vegskatt i 1801. Syres oppførsel gjorde at dei lokale embetsmennene sørgde for å få ein arrestordre på han. På same måten som i konflikten rundt Lofthus, og fleire andre gongar, eskalerte situasjonen etter at Knut Syre vart fengsla. Mellom 400 og 500 mann møtte opp og kravde Syre sett fri, og tok lova i eigne hender då dei ikkje vart høyrd. Krigsskip vart sendt opp med rundt 300 soldatar for å få kontroll over situasjonen, og etter nokre dagar hadde hovudmennene blitt tatt. Østrem brukar militære kjelder, som kanskje har blitt oversett tidlegare.

Ein kommisjon vart nedsett og Syre vart dømd til livsvarig straffarbeid. Han slapp likevel å dele same lagnad som Lofthus, og fekk straffa redusert i Høgsterett. Fire andre fekk kortare straffer. Østrem meiner at denne hendinga viser to ting. For det første viser ho at mobiliseringa at det eksisterte ein sterk motstandskultur i området, ei "positiv motstandserfaring". Noko liknande er Fiskaa inne på når det gjeld allmugen på Agder i samband med Lofthusreisinga, som har visse fellestrekk. For det andre meiner Østrem at den relativt milde reaksjonen at statsmakta som regel søkte å styre etter kompromiss og forhandling med undersåttane. Som Slettebø viste trekk Østrem fram staten som på den eine sida den strenge domaren og på den andre sida den forsonande monarken.

I den siste artikkelen i den første tek Sonja Serina Finstad Johansson for seg det såkalla bondetoget på Austlandet i september 1818. Statleg overforbruk under krigen og ei hardt råka trelastnæring hadde ført til økonomisk kaos i Noreg etter 1814. Den ferske staten sitt svar var å innføre ei ny pengeeining (spesidaler) samt ein ny skatt som skulle få inn to millionar i sølv som skulle vere sikkerheit for pengane. Dette resulterte i ei omfattande misnøye, ikkje minst på store delar av Austlandet, som hadde tilknytning til trelastindustrien. Flokkar med bønder marsjerte mot hovudstaden. Johansson granskar denne mobiliseringa og korleis misnøye går over til kollektiv handling. Bondetoga i 1818 har gjerne blitt sett på som eit uttrykk for at bøndene enno fire år etter at Stortinget hadde blitt etablert hang igjen i den eineveldige politiske kulturen, med supplikkskriving og mobilisering utanom dei offisielle politiske kanalane. Johansson meiner også at her er ein kontinuitet frå supplikkinstitusjonen på 1700-talet. Likevel viser Johansson korleis det i supplikkar vart vist til arbeidet på Stortinget og at bøndene kravde innsyn i Stortinget sin avgjerdsprosess samt at dei stortingsmennene som stemte imot ein finansplan som bøndene støtta, vart namngjevne "i de offentlige Tidender" (s. 191). Dette viser korleis bøndene ikkje var politisk tilbakeståande våren 1818.

Johansson klarer å få godt fram bøndene sitt arbeid både overfor opposisjonelle stortingsmenn og for å mobilisere bøndene over store delar av Austlandet. Særleg interessant er korleis trugsmål vart tatt i bruk. Dei som ikkje ville delta vart fleire stader trua med pengebøter av leiarane av mobiliseringa. Dette førte til at hundrevis av bønder frå Hallingdal, Valdres og Ringerike møtte opp nokre mil vest for Christiania den 12. september klare til å marsjere i fellesskap mot hovudstaden. Ifølge Johansson er det ikkje klart kva som var planen når dei kom fram. Bøndene forklarte i ettertid at dei skulle sende ein samla petisjon til

konge og/eller Stortinget, men at noko meir enn det ikkje var planlagt. Johansson meiner at motstanden kan sjåast på som ein måte å teste Stortinget si makt og regimet sin legitimitet på. Likevel er det kravet om å betre dei økonomiske forholda som går igjen hos bøndene, men som Johansson viser oppnådde ikkje bøndene det dei ønskte.

Den andre bolken i boka, "Hungeropptøyer", tek for seg dei mest kjende formene for sosial protest i tidleg moderne tid. I den første artikkelen tek Marthe Glad Munch-Møller for seg ei ulovleg kornutdeling i Dybvåg i dagens Aust-Agder som gjekk føre seg i 1801. Fleire hundre bønder tok denne våren kontroll over eit skip som var lasta med korn og delte ut kornet til allmugen i tre dagar, medan dei heldt vakt over skipet nattetid. Fokuset til Munch-Møller er å granske samspelet mellom bøndene og embetsmennene i samband med denne aksjonen, kvifor det heile gjekk så fredeleg for seg og kva for strategiar som vart tatt i bruk for å mobilisere allmugen. Munch-Møller meiner at den umiddelbare nøden, ikkje aleine kan forklare motivet for mobiliseringa som førte til den kornkonfiskeringa. Etableringa av ein nøds kontekst er ein føresetnad for handling, "nøden ble dermed omdefinert fra å være et personlig til et kollektivt anliggende" (s. 271). Dette er eit interessant poeng, og kan forklare for eksempel kvifor det ikkje oppstod større kornopprør i andre nødsperiodar, som på 1740-talet. Men så kan ein spørre kvifor det då eventuelt ikkje oppstod ein nøds kontekst i tidlegare år med hungersnød. Her er rom for yttarlegare forskning.

I det andre bidraget i denne bolken tek Amund Pedersen for seg eit kornoppløp i Arendal i 1813. Her kom det til open konflikt mellom bønder og borgarar og embetsmenn, ein situasjon som minner om strilekrigen. 1813 var eit år prega av matmangel over heile landet. 1812 hadde vore det verste året sidan nokon kunne hugse, og krigen gjorde ikkje situasjonen noko betre. Fleire stader gjekk folk

til aksjon, så også på Sørlandet, som sjølv i gode år var avhengig av import. I slutten av juni hadde det samla seg ein heil del bønder frå regionen for å få tak i korn. Enkelte hadde reist over ti mil, og dei truga dei lokale myndighetene og byborgarane til å dele ut korn frå det kongelege magasinet i byen. Pedersen skildrar korleis situasjonen vart meir og meir anspent mellom bøndene og borgarane og embetsmennene i byen. Det vart gitt alarm om at borgarvæpninga skulle mobilisere, noko som berre eskalerte konflikten. Dei mest framstående borgarane fekk regelrett juling, og situasjonen roa seg først då soldatar kom på plass, og dei fleste bønder flykta. Pedersen argumenterer for at det ikkje hadde foregått ei mobilisering på førehand, men at dette var noko som oppstod "der og da". Eit aspekt som er verd å trekkje fram er at konflikten eskalerte først då fordelinga av kornet var ulik, ifølgje Pedersen. Bøndene som hadde reist den lengste vegen, frå Åmli, fekk meir korn enn dei som hadde reist frå Froland, som ligg nærare byen. Pedersen meiner at oppløpet liknar ein solidaritetsaksjon. Det kan altså synes som at det eksisterte eit felles rettferdsideal hos bøndene, som kan vere med på å bekrefte den engelske historikaren E. P. Thompson sin klassiske teori om "den moralske økonomien" i det gamle samfunnet, som også Munch-Møller og Sande diskuterer i sine artiklar.

Den siste artikkelen i bolken handlar også om kornoppløp i 1813, og samanliknar to hendingar i Trondheim og på Toten denne våren. I tillegg til i Arendal så fann det stad liknande oppløp i Molde, Kristiansund, Kristiansand og Bergen – som ikkje må forvekslast med eit stort kornoppløp året etter – men desse fekk ikkje noko rettsleg etterspel, ifølgje Sigurd Sande. Likevel går Sande inn på desse aksjonane, og vi får eit meir utfyllande bilete av dei ulike formene for kornoppløp rundt om i landet dette året. Hovudfokuset er på Trondheim og Toten, og kvifor det akkurat her vart sett i gong grundigare gransking av oppløpa.

Allmugen sin bruk av budstikker, som etter strilekrigen kunne straffast med dødsstraff eller festningsarbeid på livstid, for å mobilisere i forkant av oppløpa, saman med deira bruk av "voldsomheter" førte til at myndighetene reagerte. Bruk av budstikker aleine var ikkje nok, sjølv om forordninga frå 1765 var klar.

Det denne ulike praksisen kan tyde på er også at det kan det i ein viss grad var opp til dei lokale embetsmennene om det skulle opprettast ein kommisjon. Alle desse sju artiklane baserer seg på oppløp som har resultert i opprettinga av kommisjonar som har føretatt grundige undersøkingar og forhør av deltakarar og såleis etterlate seg eit betydeleg kjeldemateriale. Med tanke på at det slett ikkje nødvendigvis var alle opptøyar som fekk eit såpass omfattande rettsleg etterspel, og sett i lys av inntrykket ein sit igjen med etter å ha lest boka av at bøndene i Noreg hadde ein vilje og evne til å organisere seg og konfrontere myndighetene i denne perioden, så er det ikkje utenkjeleg at det finst ein god del fleire slike aksjonar i kjeldene. Hermed er altså oppfordringa å dukke ned i kjeldene og leite, og ikkje minst for masterstudentar, som denne boka er eit resultat av.

Den siste bolken i boka, "Oppvakning og overvaking 1848–1851" flyttar perspektivet fram til midten av 1800-talet. Med revolusjon i Europa som bakteppe tar dei to artiklane for seg høvesvis Thranerørsla og overvaking i Christiania i tida rundt revolusjonsåret 1848. Knut Dørum presenterer ei ny tolking av utbreiinga av Thranerørsla, den første landsomfattande arbeidarrørsla i Noreg. Poenget til Dørum er at ei nødvendig forutsetning for at den fekk såpass stor utbreiing var at det i åra etter 1814 hadde vakse fram ein "folkeleg offentlegheit" på landsbygda i Noreg. Bønder og småkårsfolk hadde fått politisk skoloring i denne offentlegheita som eksisterte på skjenkestover og skysstasjonar og blitt mottagelege for den radikale politiske agitasjonen til Thrane si arbeidarrørsla. Med utdrag frå både

kommunearkiv og privatarkiv frå ulike delar av landet, gir Dørum eit viktig bidrag til ny innsikt i denne rørsla, som trass i den omfattande utbreiinga ikkje har vore så interessant for historikarar dei siste tiåra.

Den siste artikkelen i denne antologien tek for seg revolusjonsfrykta i Christiania sett frå perspektivet til statthaldaren, kongen sin representant. Margit Løyland teiknar eit bilete av statthaldar Severin Løvenskiold som ein reaksjonær type som var svært uroa for utlandske radikale agitatorar som oppheldt seg i hovudstaden, og samtidig av at dei radikale handverkarmiljøa i hovudstaden var vendt utover landegrensene, og med tette band til dei sosialistiske gruppene på kontinentet.

Om eg skulle ha noko å utsetje på boka og dei ulike bidraga så vil eg trekke fram at eg gjerne hadde sett at det hadde blitt brukt litt meir plass på å diskutere det litt større biletet. Eg sakna tidvis eit litt vidare perspektiv både i tid og rom, bakover, framover og utover landegrensene. Men samtidig så har eg også sett pris på å lese djupstudiar av enkeltaksjonar kor vi kjem så tett inn på aktørane at vi nesten føler svolten knue og raseriet boble over deira situasjon sjølv. Det at det er såpass stor skilnad i lengd på artiklane kan kanskje også tyde på at artikkelforfattarane har hatt litt frie tøyler. Fleire av artiklane kunne derfor hatt godt av noko meir redigering og nedkorting utan at innhaldet hadde blitt noko forringa. Nokre artiklar er på rundt 50–60 sider medan den kortaste er halvparten så lang. Når det er sagt så er dette ei lesverdig og viktig bok som eg håper får mange lesarar, også utanfor academia. For ein som jobbar innanfor same område er dette ei bok som inspirerer til vidare arbeid, å stille nye spørsmål til kjeldene og vere på leiting etter stadig nye opptøyar og få bekrefta at dette er ein del av den norske historia som treng å bli fortalt.

*Eyvind Urkedal York*